



Innkalling

Utval: ADMINISTRASJONSUTVAL
Møtestad: Møterommet
Dato: 04.10.2018
Tid: Kl. 09:00

Solund administrasjonsutval vert med dette kalla inn til møte.

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå til Solund Servicekontor, telefon 57 78 62 00 eller e-post post@solund.kommune.no slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Vararepresentantar til administrasjonsutvalet møter etter nærare innkalling.

Saksdokumenta ligg til ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset.

Solund kommune
28.09.2018

Gunn Åmdal Mongstad
-ordførar-

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
003/18	Tertialrapport 2. tertial 2018	



Arkiv: K1 - 210
ArkivsakID: 18/311
JournalpostID: 18/2930
Sakshandsamar: Kjell Mongstad
Dato: 28.09.2018

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
003/18	ADMINISTRASJONSUTVAL	04.10.2018
052/18	FORMANNSKAP	04.10.2018
	KOMMUNESTYRE	

Tertialrapport 2. tertial 2018

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapport nr. 2 for Solund kommune år 2018 vert teke til vitende.

Vedlegg i saka:

28.09.2018 Vedlegg til Tertialrapport nr 2 år 2018 - til utsending
28.09.2018 Tabelloppsett til tertialrapport og budsjett- og økonomiplan 2018-2022
tertial 2 - til utsending

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova m/rekneskapsforskrifter
Sak om Budsjett 2018 / Økonomiplan 2019-2022
Sak om årsrekneskap og årsmelding for år 2018
Sak om tertialrapport nr. 1 år 2018
KS sin prognosemodell

Kva saka gjeld:

Det er i økonomireglementet lagt opp til at det skal presenterast ein rapport over driftsstatus for kvart tertial i driftsåret. Rapporten skal vise noko om status og forventa avvik frå rammer og mål som er fastsett. Den skal også skissere tiltak for å oppnå budsjettbalanse og konsekvensar av dei tiltaka som vert foreslått.

Det vert vist til vedlagte tertialrapport for vidare kommentarar om drift og investering.

Saksutgreiing:

Det føreligg ingen nye overordna føresetnader i inntektssystemet sidan tertialrapport nr. 1 vart handsama. Ei heller er det kome nye signal frå finansmarknaden som krev endringar i

budsjetterte finansutgifter- og inntekter for kommunen.

Det er kome ei gledeleg melding om at inntektene frå Havbruksfondet aukar monaleg i år 2018. Desse inntektene aukar likviditeten til kommunen og det skaper eit større økonomisk handlerom for politisk nivå til å gjere sine prioriteringar.

Men desse inntektene påverkar ikkje årets drift, og naturleg nok vert få administrasjonssjefen sin del tilrådd å avsette inntektene til det generelle disposisjonsfondet. Politisk nivå kan så vurdere alle utgifter og inntekter, løpande som ekstraordinære, i samband med budsjett- og økonomiplanprosessen denne hausten.

Denne tertialrapporten handlar om å justere drifta innafor dei rammevilkåra ein tidlegare har fått. Det handlar også om å få ein oversikt som gjer at ein kan innstille drifta på kva ein forvente av rammevilkår for neste og komande år, og så handle deretter.

Rapporten peikar på korleis ein kan løyse utfordringane som er kome til i drifta, slik at det kan verta rekneskapsmessig balanse ved årsslutt.

Denne rapporten gjev eit godt grunnlag for å få til ein god budsjettprosess i haust. Det vert vist til vedlagte tertialrapport for vidare kommentarar om drift og investering.

Vurdering:

Fokus på utvikling held fram, og må framleis halda fram.

Innsatsen har vore stor i heile den kommunale organisasjonen for å gje innbyggjarane det beste tenestetilbodet som vel mogleg med dei avgrensa økonomiske føresetnadane ein har. Dette vil ein forsøka halde fast ved å gjere også for framtida.

Det er særdeles gledeleg at folketalet har halde seg på nivå med fjoråret.

Dette er med og bidreg til både optimisme og til å hindra at ein kjem inn i ein negativ økonomisk spiral der inntektene stadig vert redusert.

For neste år aukar dei frie inntektene, fordi aktiviteten og trivnaden er høg i bygda og prognosen frå SSB for folketalet er betra. Så Solund er inne i den positive spiralen fortsatt.

Fortset denne trenden kan ein klara unngå å fjerne gode tenestetilbod og viktige ressursar i komande budsjettår, men halde fram med å fokusere på ei god samfunns- og næringsutvikling.

Utfrå tertialrapporten som ligg føre, så burde det vera mogleg å fortsatt levere eit godt tenestetilbod og samstundes koma i balanse ved årsslutt.

Konklusjon:

Tertialrapport nr. 2 for Solund kommune år 2018 vert teke til vitende.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

TERTIALRAPPORT NR. 2 ÅR 2018



Full rulle med installasjon av Klatreparken

SOLUND KOMMUNE

Vedlegg til sak om tertialrapport nr. 2 år år 2018

INNHALD:

Innleiing	3
Endringar i dei økonomiske rammevilkåra – frie inntekter	3
Endringar i andre overordna inntekter	5
Endring i netto finansutgifter (utbytte, renter og avdrag)	7
Avsetnader og bruk av avsetnader	7
Til fordeling drift	9
Om Solund kommune sine mål	9
Kommentarar til den daglege drifta	11
Ansvar 100, 110, 130, 140, 150, 410, 420 og 430	- Administrasjon, stabs- og støttefunksjonar m.m. 11
Ansvar 200	- Solund barnehage 16
Ansvar 210	- Solund barne- og ungdomsskule 18
Ansvar 220	- Felles barnehage, skule m.m. 20
Ansvar 250	- Solund kulturskule 21
Ansvar 300	- NAV Solund 22
Ansvar 310, 312, 313, 314, 370, 371, 372, 373 og 380	- Helse- og omsorg 23
Ansvar 600, 601, 610 og 620	- Plan- og utvikling 27
Ansvar 700	- Solund Søkneråd 29
Ansvar 750	- Andre særskilde utgifter og inntekter 30
Ansvar 799	- Pensjon og premieavvik 30
Ansvar 800, 801, 802, 803	- Tillegsløyvingar 31
Utvikling i sjukefråvær	32
Oppsummerte behov for budsjettendringar for drifta etter 1. tertial	32
Investeringar	33
Avslutning	35

Innleiing:

Framlegg til revidert nasjonalbudsjett (RNB) / kommuneøkonomiproposisjon vart presentert medio mai d.å., og gav signal og framlegg som påverka kommunen sine rammevilkår for inneverande og komande driftsår. Dette vart tatt omsyn til ved tertialrapportering nr. 1 d.å. Denne rapporten tek føre seg endringane som er kome til etter at RNB vart vedteke i juni d.å.

Det er kjent at folketalet pr. 1.juni er 807 stk.

Det er også gjort kjent at skatteinntektene er gode.

Men sidan saka vert utarbeidd før Statsbudsjettet for 2018 vert framlagt primo oktober, så vil det ikkje vera dokumenterte endringar i dei økonomiske rammevilkåra for kommunen å presentere ved denne rapporteringa; - korkje for inneverande år eller dei neste planåra.

Denne tertialrapporteringa tek såleis berre føre seg status i drifta pr. i dag og avvika som ein reknar med vil gjera seg gjeldande pr. 31/12 2018. Økonomiplanen vert ikkje rullert i denne omgang, men innhaldet i avvika vil gje ein indikasjon på kva ein bør justere i drifta dei neste åra i komande budsjett- og økonomiplanprosess.

Tabelloppsettet syner endringane for inneverande år.

Kommunane er dynamiske organisasjonar. Det vil difor oppstå avvik på tildelte rammer i eit driftsår; - positive som negative. Ved førre tertialrapportering vart det sendt signal om moglege avvik og at ein ville forsøka løysa desse med justering av drifta. På einskilde rammeområde har ein klart å løysa dei økonomiske utfordringane, på andre har ein ikkje klart det fullt ut.

Saman med denne saka, vert det lagt fram ei eiga sak om budsjettendringar for 2. tertial, slik at ein kan få eit mest mogleg samsvar mellom budsjett og rekneskap, og dermed eit mest mogleg realistisk budsjett å styra etter, resten av driftsåret.

Det vert elles vist til opphavleg budsjettokument og Tertialrapport nr. 1 for år 2018 for å få eit best mogleg grunnlag for å vurdere innhaldet i denne rapporten og budsjettjusteringar som vert føreslegne.

Endringar i økonomiske rammevilkår i vedteke RNB:

Det kom ingen vesentlege endringar i kommunen sine rammevilkår då RNB vart vedteke medio juni. Signala som kom gjennom framlegg til RNB medio mai, er såleis framleis gjeldande.

Om folketalsvekst og frie inntekter:

Folketalet pr. 1/7 2018 er det same som 1/7 2017 og 1/1 2018. Det vil seie 807 innbyggjarar. Dette er det same folketalet som er lagt til grunn då Statsbudsjettet for 2018 vart presentert medio okt. 2017.

Prognosane som SSB nytta i det revidert nasjonalbudsjettet frå mai-18, for å berekne kommunen sine inntekter for framtidige år, var basert på 801 innbyggjarar. I den justerte prognosemodellen basert på folketeljinga pr. 1/7 2018, er statlege prognosen oppjustert til 803 innbyggjarar.

Om rammetilskotet:

Systemet er slik at storleiken på rammetilskotet for ein kommune i eit budsjettår står fast, uavhengig av kva som skjer med folketal, skatteinntekter og inntektsutjamning. Det er folketeljinga 1/7 året før

TERTIALRAPPORT 2 ÅR 2017

som saman med budsjettvedtaket i desember, avgjer storleiken på rammetilskotet. Ingen endringar vert såleis tilrådd for inneverande år.

Men auken i folketal i høvet tidlegare statlege prognosar pr. 1/7 2018 og 1/1 2019, betyr at Solund vil oppleve ein mindre oppgang i dei økonomiske rammevilkåra for år 2019. Dette vil ein kome nærare inn på i den komande budsjettprosessen.

Om skatteinntektene:

Det har synt seg at Solund kommune sine skatteinntekter dei siste åra har vore gode og aukande samanlikna med landsgjennomsnittet pr. innbyggjar. Solund sine skatteinntekter er framleis gode, særleg med tanke på at vår kommune sjeldan klarar å hamle opp med kraftkommunane på ein slik statistikk.

Statistikken under viser status pr. 31. august 2018. Det er verd å merke seg at kvart år plar Solund sine %-andel av skatteinntekter gå vesentleg ned frå april til august. Dette skuldast i hovudsak at inntektene frå fiskerisektoren gjev normalt gode utslag på statistikken på for mai og september.

Kommunenavn	1000 kr	kr pr innb	Pst av landsgj.
	1	2	3
Aurland	64 590	36 327	193,0 %
Årdal	113 675	21 542	114,5 %
Lærdal	46 018	21 374	113,6 %
Luster	109 236	20 914	111,1 %
Vik	53 098	19 857	105,5 %
Bremanger	71 033	18 857	100,2 %
Førde	238 320	18 208	96,7 %
Gulen	42 519	18 132	96,3 %
Flora	212 591	17 734	94,2 %
Leikanger	41 337	17 628	93,7 %
Vågsøy	105 409	17 565	93,3 %
Balestrand	21 872	17 331	92,1 %
Høyanger	71 622	17 242	91,6 %
Solund	13 595	16 846	89,5 %
Jølster	50 748	16 677	88,6 %
Sogndal	132 824	16 481	87,6 %
Hyllestad	22 441	16 285	86,5 %
Stryn	116 753	16 227	86,2 %
Selje	43 142	15 648	83,1 %
Gloppen	91 509	15 579	82,8 %
Askvoll	46 962	15 387	81,8 %
Eid	94 572	15 360	81,6 %
Naustdal	42 542	15 059	80,0 %
Gaular	44 570	14 827	78,8 %
Fjaler	40 926	14 380	76,4 %
Hornindal	16 819	14 314	76,1 %

Skatteveksten vart elles kraftig nedjustert på landsnivå, gjennom revidert nasjonalbudsjett. Det kan bety at det ikkje vert overskytande skatteinntekter tilført til kommunesektoren i desember, slik det ofte vert gjort vedtak om i budsjettrevisjonen i oktober.

Folketalet har ikkje falt på fleire år, og prognosane vert difor betra ettersom tida går med ei slik utvikling.

Som følgje av dette har den statlege prognosen i skatteinntekter for kommunen auka. Sjå neste avsnitt om sum nettovækst i skatt / inntektsutjamning.

Om inntektsutjamninga:

Inntektsutjamninga kan variere noko for ein kommune, basert på forskjellen mellom prognoserte skatteinntekter og faktiske skatteinntekter inneverande år.

Ved inngangen til budsjettåret vert det rekna inn ein kompensasjon i prognosen på 60% for alle kommunar som ein reknar med får skatteinntekter under landsgjennomsnittet. Dei som har prognosar under 90% får i tillegg 35% kompensert. Når året er omme, får så kommunane justert kompensasjonen sin i høve til faktisk skatteinngang i høve landsgjennomsnittet.

Med høvesvis gode prognosar for skatteinntektene for kommunen også i år, ligg det pr. i dag an til at kommunen kan få ein nettoauke i skatteinntekter vs. inntektsutjamninga på om lag kr. 50`.

Dette er så usikre tal, at administrasjonssjefen ikkje vil tilrå noko budsjettauke i desse inntektene inneverande år.

Det vert ikkje tilrådd å endra forventta frie inntekter til kommunen i høve gjeldande budsjett.

Endringar i andre overordna inntekter

Rentekompensasjonen vert redusert:

Som følge av at rentenivået aukar noko, vert rentekompensasjonen frå Husbanken noko auka.

Kompensasjonane er knytt til investeringar i institusjon, skule og kyrkje.

Det er her snakk om berre små 1.000-lapper og endringane vert fanga opp med avrundingar på dei frie inntektene.

Eigedomsskatteinntektene:

Det kan sjå ut som om desse inntektene vil kunna verta om lag kr 50` meir enn budsjettert. Dette skuldast det faktum at Solund har hamna i ei høgare gjennomsnittleg-pris-pr.kvm.-sone på solgte bygningar i perioden 2011-2016. Inntektene vil falle ned til normalnivå igjen i år 2019.

Meirinntekter på eigedomsskatt, vert truleg kr. 50` ved årsslutt.

Flyktingtilskotet:

Det vert vist til rapporten under ansvar 150 – Flyktingkoordinator.

Det vert vist til tertialrapport nr. 1 der det vart skrive følgjande:

Det føreligg eit usikkerheitsmoment i om nokre av dei busette flyktingane vel å melde flytting ved gjennomføring av lærlingkontrakter og høgare utdanning.

Det er viktig at ein brukar resten av året til å anten å få aksept for å busetje fleire flyktingar og/eller legge til rette for ei best mogleg utfasing av flyktingtenesta i Solund kommune

3 av flyktingane flyttar ut av kommunen denne hausten. Tilskotet vert dermed redusert.

Hadde dei vore busett i kommunen ville dette tilskotet kome vår kommune til del.

Det er å anta at effekten av flyttinga, vert eit redusert statstilskotet på om lag kr. 175` . Det øyremerkte disposisjonsfondet er meint å skulla dekkja slike inntektsbortfall, inntil tenestetilbodet kan reduserast.

Mindreinntektene vert truleg på om lag kr. 175` ved årsslutt.

Det vert tilrådd å bruke flyktingfondet kr. -175` til å dekke det tilsvarende reduserte statstilskotet.

TERTIALRAPPORT 2 ÅR 2017

Havbruksfondet:

I framlegg til statsbudsjett for 2017 vart ordninga med det statleg oppretta Havbruksfondet omtala slik:

«Kommuner og fylkeskommuner som legger til rette for havbruk skal belønnes. Regjeringen har derfor i samsvar med Stortingets forutsetninger etablert retningslinjer for et havbruksfond der 80 pst. av vederlaget for nye lakse- og ørretkonsesjoner og økt kapasitet på eksisterende konsesjoner skal fordeles til kommuner og fylkeskommuner. Ordningen er gjort gjeldende for alle nye utlysninger av vekst etter 1. januar 2016, der det kreves vederlag til staten.»

For vanlege konsesjonar skal 70% av vederlaget delast ut til kommunane etter storleiken på maksimal tillatt biomasse (MTB).

Gjennom auksjonar av laksekonsesjonar i år 2018, har det kome inn langt større inntekter enn stipulert til fondet. Sitat Fiskeridirektoratet sine nettsider:

*Over 2,7 milliarder kroner vil i høst rulle inn på kontoene til laksekommunene. Pengene kommer etter regjeringens salg av nye laksetillatelser. Rundt 50 selskaper kjøpte tillatelser for om lag 3,9 milliarder kroner. 80 prosent av disse pengene går til laksekommuner og -fylkeskommuner gjennom Havbruksfondet.
- Denne utbetalingen er med på å synliggjøre at oppdrettsnæringen gir noe tilbake til lokalsamfunnene. Dette er penger kommunene kan bruke på å utvikle tilbudet til innbyggerne sine innen kultur, helse, skole, idrett, infrastruktur eller andre områder, sier Nesvik.*

Solund kommune sin andel i desse inntektene er kr. 23,55 mill.

Av denne summen er 17,70 mill. allereie budsjettert i tråd med signal frå medio mai.

Meirinntektene vert såleis på 5,85 mill.

Når det gjeld bruken av desse midlane, står Kommunestyret heilt fritt. Administrasjonssjefen tilrår difor at auka tilskot først i sin heilskap vert sett av på kommunen sitt generelle disposisjonsfond.

Inntektene frå Havbruksfondet, stort 5,85 mill., vert foreslått lagt inn i revidert budsjett, mot ei tilsvarande avsetnad til disposisjonsfond.

Produksjonsavgift på laks og ørret / grunnrenteskatt – nye inntekter:

Stortinget har vedteke at det skal utgreiast ei «Produksjonsavgift på laks og ørret», som er meint å vera ei leigebetaling for oppdrettsnæringa sin bruk av kommunar sine sjøareal.

Solund har som kjent ein del sjøareal som vert nytta til oppdrett og vil difor få nye inntekter når Stortingsvedtaket vert følgt opp. Men det har tatt tid å få den nye avgifta utgreidd frå statsråden si side, og det er i skrivande stund ikkje kome inntekter knytt til dette Stortingsvedtaket.

Når det gjeld signalet om innføring av grunnrenteskatt i laksenæringa, så vart det i revidert nasjonalbudsjett varsla at regjeringa skal utgreie og ev. foreslå ein grunnrenteskatt på havbruk med ei innføring av skatten frå år 2020.

Det er ikkje grunnlag for å foreslå budsjettendringar på desse to inntektselementa i denne venda.

Endring i netto finansutgifter (utbyte, renter og avdrag)

Renteinntekter og utbyte:

Rentenivået har auka noko i driftsåret, men effekten er så marginal at ev. mindreutgifter vil gå til saldering av auka renteutgifter.

Utbyte frå Sunnfjord Energi AS vart justert inn i budsjettet ved 1. tertialrapportering.

Renteutgifter:

Årsbudsjettet er fastsett med eit gjennomsnittleg renteutgiftsnivå for året på 1,75%. Kommunen har dekning for at renta kan auke med 0,30% siste kvartal.

Norges Bank auka nyleg si styringsrente frå 0,50% til 0,75%. Dette var første auken sidan år 2011. Både Kommunalbanken, og dermed Solund kommune har tatt høgd for denne renteauken.

Med tanke på vidare utvikling i marknaden, så er den om lag på nivå og jamvel nokre desimalar lægre, samanlikna med signala som kom medio mai d.å. Dette vert nærare handsama og omtala i budsjettprosessen for år 2019. Her er siste oppdaterte signal om framtidig renteutvikling:

ÅR	Norges Bank-anslag hentet fra Pengepolitisk rapport 3/18			FRA Markedet, (NIBOR 3 mnd)	Kommune margin-påslag på Nibor	Budsjettert lånerente på lange lån
	NB anslag styringsrente	NB anslag påslag i pengemarkedet	NB anslag 3 mnd Nibor			
2019	1,04	0,40	1,44	1,50	0,60	2,04
2020	1,49	0,40	1,89	1,81	0,60	2,49
2021	1,92	0,40	2,32	2,03	0,60	2,92
2022	X	X	X	2,24	0,60	2,84

Til opplysning kan det nemnast at ein i dag kan binde renta til 2,35% på 5 år og 2,67% på 10 år.

Avdrag:

Kommunen har ikkje gjennomført nye låneopptak, og det vert heller ikkje lagt opp til dette i denne venda. Dermed står budsjetterte avdragsutgifter uendra.

Det er ikkje grunnlag for å foreslå budsjettendringar på netto finansutgifter i denne venda.

Avsetnader / bruk av avsetnader:

Bruk av fond - Fiber til Ytrøygrend / Lundøy:

Ved årsskiftet vart unytta løyvingar ved ansvar 800 sletta; - herunder løyvinga med finansiering i bruk av disposisjonsfond (0,45 mill.) til «fiber Ytrøygrend». I tillegg vart investeringsprosjektet til same føremål nytta fullt ut mot tilleggsopsjonen på fiber til Ytre Sula (0,25 mill.).

Det er trong for å legge tilbake desse løyvingane i budsjettet. Som følgje av dei drøftingane som har gått føre seg omkring føring av slike kostnader i investeringsrekneskapen, vert denne gongen tilrådd å legge heile den kommunale løyvinga i drift (0,7 mill.), mot tilsvarende bruk av disposisjonsfondet.

Til opplysning kan nemnast at det pr. 1.juli står om lag 1,1 mill. på det generelle disposisjonsfondet.

TERTIALRAPPORT 2 ÅR 2017

Bruk av flyktningfond («øyremerkt» disposisjonsfond):

Utfasinga av flyktingtenesta skulle starte denne hausten. Ein ser at dette no vert vanskeleg å få til på fleire tenestoområde. Ein er likevel medviten at dette må gjerast, om ikkje det vert tildelt fleire kvoteflyktingar.

Etter førre tertialrapportering var det balanse mellom avsetnad og bruk av dette fondet.

Ved denne korsvegen ser ein at det er trong for bruke noko av midlane:

- I og med at det kom til ein barnerik familie hausten 2017, har det vore trong for å oppretthalde den 2-språklege assistenten ved barnehagen dette barnehageåret også.
- Likeins; - på framandspråkleg undervisning er det heller ikkje råd å fjerne ressursar dette skuleåret.
- Fordi 3 flyktingar har flytta for å gjennomføre lærlingkontraktar og studie, så vert statstilskotet overført til dei kommunar som no har fått busett desse flyktingane. Det er likevel kjekt at ein har lukkast med å integrere og få jobb til dei det gjeld.

Det står om lag 0,5 mill. på fondet. Det er ynskjeleg å unngå bruk av dette fondet til ein er komen lenger fram i løypa med busettinga av flyktingar. Då er statstilskotet langt lægre.

Administrasjonssjefen tilrår at fondet berre vert nytta, om det viser seg at samla årsresultatet for kommunen krev det.

Avsetnad til fond - Inntekter frå Havbruksfondet:

Sjå eige avsnitt om desse inntektene ovanfor.

Det vert tilrådd å sette 5,85 mill. til disposisjonsfond, som følgje av auka inntekt frå Havbruksfondet.

Refusjon plankostnader for Bru over Ytre Steinsund:

Det er sendt eit refusjonskrav til Fylkeskommunen på om lag 1,94 mill. Det er laga ei sak med negativ tilråding frå fylkesadministrasjonen for dekning av desse utgiftene. Dette sjølv om kommunen påtok seg planarbeidet, etter særskilt vedtak i Hovudutval for samferdsle om at fylkeskommunen skulle søkje ferjeavløysingsmidlar etter gamal ordning. Då planprosessen skulle køyrast hadde Fylkeskommunen ikkje kapasitet til å køyre prosessen. Solund kommune fekk då avtale med Statens Vegvesen om at dei skulle lage planen mot at Solund kommune forskotterte kostnadane med prosessen.

Dersom det vert eit positivt vedtak, går refusjonsinntektene på 1,95 mill. med til å dekke:

A) 0,2 mill. i forskottert plangebyr

B) 1,0 mill. av utgifter ført og periodisert mot år 2017, herunder intern kommunal ressursinnsats

C) 0,6 mill. i betalt faktura til Statens Vegvesen i år 2018

Både den interne ressursinnsatsen i år 2017 og plangebyret var for lågt stipulert i år 2017, slik at det vil verta ein overskytande refusjon på om lag kr. 150` når faktiske utgiftsføringar er dekkja.

det vert tilrådd å nytta kr. 50` av desse til utgifter med sommarjobb for flyktingar.

Resten av overskytande refusjon vert tilrådd saldert mot det reduserte statlege flyktingtilskot.

Status andre disponeringar av disposisjonsfond:

- Fiber til Nord Solund - ein avventar at Eninvest skal starte opp prosjektet. Kan skje i år 2018.
- Bruk av overførte løyvingar frå r 2017
 - Tilskot kai Litle Færøy – kaiprojektet vert starta opp straks det er fullfinansiert
 - Kommuneplan / VA Hovudplan – arbeidet vert intensivert i desse dagar
 - Reguleringsplan Hardbakke hamn – arbeidet er i ein slutfase
 - Bonitering sjøbotn Valen – er vanskeleg å få gjennomført før nyttår
- Straumkabel til Utvær – arbeidsgruppa arbeider aktivt for å fullfinansiere prosjektet.

I utgangspunktet vert det lagt opp til at alle budsjetterte fondspostar vert nytta. Om dette ikkje skjer, vil verta lagt fram eiga sak i desember for overføring av dei unytta løyvingar som er naudsynt å vidareføra til neste år.

Det vert tilrådd å avsette meirinntekter frå Havbruksfondet til generelt disposisjonsfond med 5,85 mill. Det vert tilrådd å redusere 0,175 mill. av budsjettert avsetnad til flyktningfondet, grunna redusert statstilskot.

Til fordeling drift:

Sum «til fordeling drift» vert forsøkt halde på same nivå som tidlegare. I framlegget er foreslått ein reduksjon på kr. -50` .

Dette betyr fortsatt tronge økonomiske rammes, sidan organisasjonen er i startgropa på ein prosess der rammene skal krympast ytterlegare, grunna nedtrapping av flyktningtenesta.

I tillegg er det mykje som tyder på at kommune-Noreg må innstille seg på mindre rammes i framtida, særleg fordi det er eit uttrykt som eit av måla i kommune- og regionreforma at administrative kostnader skal reduserast for dei kommunar som vert omfatta av reforma.

Dette vil det verta meir fokus på i budsjettprosessen denne hausten. Det er då positivt å vite at ein slepp forhalde seg til ekstra nedskjeringar i drifta grunna ein folketalsnedgang.

Om Solund kommune sine mål og måloppnåingar

Solund kommune skal arbeide med sine målformuleringar denne hausten gjennom arbeidet med samfunnsdelen i kommuneplanen.

Det vert såleis vist til siste rullering av Økonomiplan 2018-2022 omkring dette temaet. Der er alle målformuleringane presentert.

Det vert også vist til det utviklings- og strategiarbeidet som har pågått, der kommunen sin visjon og posisjonen er fastsatt til:

Visjon: *I dei unge sine framtidsdraumar*
Posisjon: *Kva meir kan vi skape av det sjøen og kystlandskapet kan gje*

Arbeidet med planen munna ut i ein handlingsplan med følgjande 3 hovudstrategiar for å nå kommunen sine visjonar og mål:

- å utvikle «unike» bukvalitetar i Solund
- auka næringsutvikling og fleire arbeidsplassar i Solund
- å utvikle fritidsaktivitetar basert på Solund sine sjø- og naturkvalitetar

Det har i møtet mellom den politiske og administrative leiinga, vore arbeidd aktivt med å lage ny profil / logo og det er presentert ein førebels logo og eit førebels slagord:

«Puls frå havet».

Vidare arbeid med kommunen og organisasjonen sine mål og delmål, må skje med bakgrunn i kommuneplanen sine målformuleringar og føringar, og dei gjeldande delplanar og handlingsplanar som er gjeldande.

Det vert naturleg å arbeide med dette i ein prosess fram mot neste års økonomiplanarbeid tek til.

Organisasjonen har sjølv arbeidd fram ein visjon og nokre kjerneverdier som dei ynskjer skal vera førande i den daglege drifta:



Mål vs. budsjett drift og investering

Til målformuleringar følgjer det ofte med ei løyving, slik at ein har nokre ressursar til å arbeide med i den daglege drifta, for å koma seg fram til målet.

I investeringsrekneskapen manifesterer måla seg i konkrete løyvingar på einiskildprosjekt.

Om måloppnåing:

I denne tertialrapporten er fokus å få rapportert og justert budsjettavvik, slik at ein kan justere fart og retning for å om mogleg å nå dei måla som er sett ved årsslutt.

I avsnitta ovanfor er overordna økonomiske føresetnader vurdert.

I det vidare følgjer rapportar på det einskilde rammeområde, som gjev grunnlag for å vurdere om mål vert nådd og økonomiske rammer haldne.

Det vert vist til avsnitt om investeringar, omkring måloppnåing for dei ulike prosjekta kommunestyret har vedteke for dette driftsåret (og for tidlegare år).

Endeleg evalueringar av måla / drifta, vert gjort i samband med årsavslutninga.

Kommentarar til den daglege drifta

I det vidare vert det kommentert ein del avvik i drifta pr. 2. tertial. Det er berre avvik som er over kr. 25´ som vert kommentert. Går drifta som normalt, vert det ikkje rapportert noko.

Det reviderte budsjettet er stramt, men inneheld likevel det forskriftsmessige kravet til at det skal vera «oversiktleg, fullstendig, realistisk og i balanse».

Det er all grunn til å tru at både innbyggjarar og brukarar, også etter denne revisjonen, vil nyte godt av eit svært godt tenestetilbod i Solund kommune.

Det er eit forskriftsmessig krav til endring av økonomiplan, når det vert vedteke endringar i driftsåret som påverkar seinare planår. Dette er eit svært godt og sunt prinsipp, og ved denne tertialjusteringa ser ein at det ved drifta har skjedd endringar som kan påverka einskilde driftsrammer for påfølgjande år. Dette vil verta utgreidd og handsama nærare i budsjettprosessen i haust.

Ansvar 100, 110, 120, 130, 140, 150, 410, 420 og 430

Politikk og administrasjon, stabs- og støttefunksjonar, herunder overordna Plan / Miljø / Næring, Folkehelse, Flyktningar, Bibliotek, Frivilligsentral og Gjenbruket

Ansvar 100 – politikk, administrasjon, overordna personalarbeid, fellesutgifter, m.m.:

Som skildra i tidelegare års- og tertialrapportar har administrasjonen over tid vorte drifta med for høge driftskostnader i høve dei økonomiske tildelte rammene. Dette har hatt mange årsaker og ein har klart å løyse utfordringane melombels kvart år. Det er no kome til eit punkt der administrasjonen ynskjer setje inn permanente tiltak.

Forklaring til avvika som har oppstått:

Ei av årsakene til desse har med den rivande utviklinga på digitaliseringsfronten å gjera. Felleskostnadane, som vert utgiftsført på ansvar 100, har auka i takt med regionale og statlege krav til å hente ut gevinstar av ei alltid effektiv og rasjonell drift. Ei anna årsak er at den kommunale nedskjeringsprosessen frå år 2014-2016 vart tøff for administrasjonen, og all den tid var det uttrykt eit mål om å unngå oppseiingar. Det var aldri rom for å skjere ned så mykje i drifta som ynskjeleg parallelt med gjennomføring av OU-prosess, innføring av nytt økonomisystem og sakshandsamingsverktøy. Ansvar 100 er også den staden der uføreseielege kostnader knytt til overordna personalprosessar vert ført, og desse kan verte utløyyst frå kva stad som helst i organisasjonen og slike kostnader kan gjera seg gjeldande over lang tid.

Den økonomiske utfordringa har vorte løyst kvart år med ulike innsparingstiltak som t.d. å la stillingar stå vakante når det har oppstått uløna permisjonar, sjukdomsfråvær og naturlege avgangar, men også ved å utgiftsføre i investering den ressursbruk administrasjonen har hatt der.

Det har samstundes vore gjort eit stort arbeid med å reforhandle driftsavtalar og rasjonalisere bort andre administrative driftskostnader. Men her er kommunen samstundes prisgitt fordelingsnøklar og ikkje-kontrollberr utgiftsvekst i interkommunale samarbeid og samanslutningar.

Ein betra økonomisk situasjon i år 2018:

På tampen av år 2018 har administrasjonen kome i ein langt betre økonomisk balanse med stillingane, m.a. grunna naturlege avgangar. Men eit resultat av dette og dei ovanfor nemnde reduksjonar, er at Solund kommune ikkje lenger har eit «servicekontor» på same måte som tidelegare. Frå august vert resepsjonsoppgåva løyst midlertidig ved at fleire tilsette tek kvar sin dag i resepsjonen.

Administrasjonen har starta ein prosess for å evaluere korleis ein skal organisere arbeidsoppgåvene i framtida, og det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal hente erfaringar frå andre mindre kommunar.

Det er likevel ein uføreseieleg situasjon knytt til overtalligheit og trong for seniortiltak i heile organisasjonen, som kommunen stadig må ha midlar tilgjengeleg for å kunna dekkja opp. Ved å legge inn nokre midlar på tilleggsføringar på ansvar 803, vil ein kunna sikre at dette ikkje forrykkar den jamne drifta av administrasjonen.

Krevjande driftssituasjon:

Administrasjonen ser det slik at i løpet av dette året har ein nådd ei nedre grensa for kva som er mogleg å fjerne av stillingar, dersom ein skal klare å yte god sørvis. Fleire oppgåver på færre personar skapar stress, og i 2018 har det kome signal på slitasje i administrasjonen. M.a. har det ved sjukemeldingar og andre typar fråvær, sjeldan vore mogeleg å hente inn vikarar for å utføre arbeidsoppgåvene. Administrasjonen ser difor no på ulike løysingar for å finansiere ei ny stilling, slik at ein kan avlaste dei tilsette i administrasjonen, men også for å hente ut effektivisering av kommunen sine IKT-satsingar i alle deler av organisasjonen.

SyS IKT – store forandringar i framtida:

SyS IKT har i 2018 starta arbeidet med å revidere strategien sin. Den nye strategien vil gjelde for 2018-2022 og prosessen er viktig med tanke på relasjonen til den nye storkommunen Sunnfjord kommune. I 2018 har SyS IKT eit totalt driftsbudsjett på 19,3 millionar kroner og Solund kommune sin del er om lag 1,2 millionar kroner (6,2 %). Lisenskostnader og innkjøp av utstyr kjem i tillegg. Fordelingsnøkkelen skapar store økonomiske utfordringar for dei minste kommunane, og i møte har det vorte signalisert frå nye Sunnfjord kommune at dei ser føre seg at dei andre kommunane skal ta ein større del av SYS IKT sine kostnader i framtida.

Ein kan òg notere at styret i SyS IKT i september vedtok å ta inn Vik kommune som ny medlem. Det betyr at det vil vere totalt 11 kommunar i SyS IKT. Styret har òg godkjent ein intensjonsavtale med nye Sogndal kommune, men Sogndal ser også på andre aktørar. Også Luster kommune har vist interesse for å gå med i SyS IKT. Samstundes har Gulen kommune signalisert at dei vurderer å seie opp avtalen med SyS IKT for å finne andre løysingar på IKT-arbeidet.

Grunna ovanfornemnde utvikling i SyS IKT vil administrasjonen i løpet av hausten kartlegge og samanlikna kostnader for ulike driftsløysingar av IKT-arbeidet. Dette vil gjelde både nye samarbeidsformar og mogelegheita å drifte IKT alleine. Dersom administrasjonen ser behov for eit kommunestyrevedtak om framtidig løysing av IKT-oppgåvene vil det bli lagd fram ei sak til kommunestyret sitt møte i desember.

Endra organisering og fokusområde:

Det er tydeleg at Solund kommune må ha eit større fokus på digitalisering, tidsriktig tenestetilbod og praktisk IKT-drift. Når ein no skal få på plass ei ny organisering av sørviskontoret og når ein samstundes skal erstatta delar av vakante stillingar der, ynskjer ein å få på plass høg IKT-kompetanse og fokus på effektivisering av kommunen sine satsingar på datapark og fagprogram. I tillegg vil ein sette fokus på m.a. informasjonstryggleik og risikovurderingar, sikre at kommunen følgjer lover og forskrifter, følgje opp IKT-regelement, koordinere brukaradministrasjon og bestillingar, gjennomføre

kompetansehevingstiltak for tilsette, samt vere med å utvikle og sikre framdrift av dei ulike fagsystema. Denne funksjonen må på plass for at Solund skal kunna henge med i utviklinga og handtera dei lokale utfordringane etter kvart som dei oppstår. Ei slik stilling kan kombinerast med andre oppgåver som vil lette arbeidsdagen for tilsette på administrasjonen (jf. diskusjon om krevjande driftssituasjon).

Andre ting å rapportere:

I juli 2018 vart det innført ny personvernlov i Noreg, basert på EU sin General Data Protection Regulation (GDPR). SyS IKT har tilsett eit felles personvernombod for alle dei 10 SyS-kommunane og Solund kommune vil få ein kostnad på om lag 50.000 kr pr. år knytt til denne stillinga. Alle kommunale einingar har arbeidd med å kartlegge data og etablert rutinar for å etterfølgje lova.

Ved første tertialjustering vart administrasjonen tilført midlar til å sette ekstra fokus på skulefagleg leing. Det vert denne hausten arbeidd med korleis ein skal løysa dette organisatorisk.

Dei andre 4 HAFS-kommunane sa i 2017 opp samarbeidsavtalen om felles interkommunal rekneskapsteneste (IRK) frå og med 1/7 2018. Stillinga vert avslutta i september 2018 og administrasjonen vil prøve ut å kjøpe kontrolltenester frå andre interkommunale ordningar, eller løyse kontrollkravet sjølv.

Nettverk for Fjord- og Kystkommunar (NFKK) gjorde på årsmøtet i april vedtak om å auke medlemskontingenten for 2018 til å inkludere 1,0 % av det som den enkelte kommunen får utbetalt av Havbruksfondet i 2017. I 2019 er det vedteke at medlemskontingenten skal inkludere 0,2 % av tildelinga frå Havbruksfondet i 2018. For Solund kommune sin del inneberer dette om lag 4.000 kr ekstra i medlemskontingent i 2018 og om lag 47.000 kr ekstra i 2019. For år 2019 er det naturleg å dekkja kostnaden med overførte midlar frå fondet.

Tilrådingar:

1. Det vert tilsett ein ressurs ved administrasjonen som skal ha fokus på digitalisering av Solund kommune sine tenester og tenestetilbod og skal vera ein ressurs på IKT for administrasjonen og den lokale organisasjonen. Inndekning i år skjer innafor tildelte rammes.
2. Administrasjonen syter for at administrasjonen vert organisert slik at oppgåvene vert løyst på ein effektiv og tenleg måte
3. Kostnadane med den nye stillinga vert løyst innafor dei økonomiske rammene som finst for ansvar 100.
4. Det vert tilrådd å auke løyvinga i år 2019 på ansvar 803 med 0,3 mill., øyremerkt personaltiltak (seniortiltak m.m.).

Det vert forventet balanse på dette rammeområde ved årsslutt.

Dette føreset at ressursinnsatsen mot investeringar kan førast på investeringsprosjekt

Ansvar 110 – Overordna Plan, miljø og næring:

Det har vorte arbeidd aktivt med å få på plass eit avgjerslegrunnlag for rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel denne hausten. Arbeidet vert no intensivert og ein tek sikte på å nå dette målet.

Det er no inngått avtale med Nordhordland Næringshage om drift av kommunen si 1.linjeteneste på næringsarbeid i kommunen. Herunder skal næringshagen forvalte det kommunale næringsfondet og

dei avsette næringslånsmidlane på vegne av kommunen.
Det vert ei innsparing på ½ års drift i høve den avsette posten for føremålet.

Det vert forventet mindretgifter på om lag kr. 175` ved dette ansvarsområdet ved årsslutt.

Ansvar 120 – Fjordkysten Friluftsråd:

Drifta er i tråd med budsjettammene.
Det er kun trong for mindre interne budsjettjusteringar ved denne tertialrapporteringa.
Det vert forventet balanse ved årsslutt.

Drifta går stort sett som normalt/budsjettert,
Vi har gjennomført 2 nye friluftsskular i Flora og 2 i Solund. Dette var det veldig gode
tilbakemeldingar på, og vi vil søkje å halde friluftsskular i alle medlemskommunane frå neste år då vi
ser det som særdeles viktig å arbeide med denne aldersgruppa av born på 10-13 år.

Vi arbeider no intensivt med forprosjekt skjærgardsteneste og har vore på besøk hos andre Friluftsråd
for å lære. Regjeringa sin Handlingsplan for Friluftsliv har kome med viktige og positive føringar for
skjærgardstenesta som vi bruker i vårt vidare arbeid.

Gledeleg har Møre og Romsdal fått gjennomslag for skjærgardsteneste. Hordaland og BOF har hatt
dette i svært mange år. Slik sett ligg Sogn og Fjordane som eit fylke utan denne båtenesta og det kan
vere ein fordel nå vi no ynskjer gjennomslag.

Finansieringa av Skjærgardstenesta er kort fortalt slik:

Miljødirektoratet tek halvparten av investerings- og driftskostnadane, medan medlemskommunane av
Fjordkysten Friluftsråd og Sogn og Fjordane Fylkeskommune tek den andre halvparten.
Vi meiner det er realistisk å kome i posisjon her om 1 år eller 2, og vil føreslå at medlemskommunane
set av kr. 250.000 på investeringsbudsjettet sitt for 2019 og det same for 2020. Vi kjem til å kome med
eit eige skriv til kommunane på dette. I tillegg bør det også setjast av midlar til drift av
skjærgardstenesta. Vi tør også be Fylkeskommunen setje av midlar her.

I desse dagar jobbar vi også med eit Folkehelseprosjekt i Solund som er veldig spennande. Der har vi
fått løyvd kr.100.000. Pengane skal gå til å løne ein snekkar / tømrrar som skal leie det praktiske
arbeidet med hogging av lerkeskog i Storehaugen saman med dei som har valfag friluftsliv på
ungdomsskulen. Så skal tømmeret kløyvast på lang og nyttast til kledning av gapahuk og oppføring av
denne. Gapahuken skal plasserast på tomt i Kystarboretet som ein inngangsportal og som turmål for
dei som nyttar vegen inn i arboretet og returnerer. Tiltaket skal også gå til å løne ein turoperatør som
skal motivere og leie folk som av ulike årsaker har vanskar med å kome seg ut og gå i naturen.

Då vi diverre ikkje fekk pengar til tiltak mot marin forsøpling i 2018, har vi siste tertial hatt lite midlar
å bruke på dette arbeidet. Det har likevel vore rydda ein del og vi har fått henta dette avfallet med båt
og fått det i container.

Fjordkysten Friluftsråd ynskjer å ha ei sentral rolle i dette arbeidet på kysten av Sogn og Fjordane og
vil levere ny søknad innan 01.02.2019 på dette.

Vi har elles søkt Gjensidigestiftinga om eit stort prosjekt på elektronisk turmålregistrering type Stikk
Ut eller TellTur. Dette er eit lavterskel folkehelseiltak med ferdig skildra og fargegraderte løyper, som
også er flate for dei som har eit handikapp. Her får vi svar i slutten av desember. Vår intensjon er å

gje medlemskommunane eit sams tilbod innan slike folkehelseiltak for å styrkje samhaldet og tiltrekke oss fleire kommunar. Eit vidare mål her er å på ettervinteren å kome i posisjon til å løne ein prosjektmedarbeidar.

Det vert forventa balanse ved dette ansvarsområde ved årsslutt.

Ansvar 130 – samferdsle, bustader, m.m.

Det er stor press på leilegheiter på Hardbakke med 1-2 soverom og Solund kommune har pr. 31.08.2018 leigetakarar i alle kommunale husvære. Husleigeinntektene følgjer opphavleg budsjett og det er ikkje forventa at leilegheiter vil stå tomme i 2018.

Solund kommune eig i dag 7 flyktningbustadar. Administrasjonen har fått signal om at kommunen ikkje skal ta i mot fleire flyktningar dei komande åra, og nokre av flyktningane har i 2018 flytta frå kommunen. M.a. så har dette ført til vesentlege avvik på husleigeinntektene dette året. Flyktningbustadane er bygde med tilskot frå Husbanken og bustadane må såleis brukast for vanskelegstilte, elles må tilskotet betalast tilbake til Husbanken. Administrasjonen er i dialog med Husbanken for å finne ut korleis ein best handterer framtidig utleige av bustadane i forhold til tilskotet.

Solund kommune har tatt over kaihuset på Krakhella frå privat aktør. Kommunestyret har bedt om at administrasjonen utarbeider ei sak på utvikling av bygget. Dette vil bli jobba med i 2019.

Det vert forventa mindreinntekter på om lag kr. 175` ved dette ansvarsområdet ved årsslutt.

Ansvar 140 - Folkehelsearbeid

Det er ikkje meldt om avvik ved denne tenesta ved denne korsvegen. Administrasjonssjefen vil drøfte framtidig organisering av denne tenesta i samband budsjettprosessen.

Det vert forventa balanse ved dette ansvarsområde ved årsslutt.

Ansvar 150 - Flyktningararbeid

Solund kommune vedtok å busetje 10 flyktningar i 2018, men grunna endringar i antal busetjingar i landet, er beskjeden frå IMDi at vi ikkje får busetje nokon dette året. Det er berre kommunar med innbyggjartal på over 5000 som skal busetje flyktningar i 2018.

Pr i dag er det busett 30 flyktningar i Solund, alle frå Syria. Sju av dei busette flyktningane har fullført introduksjonstida i Solund, og er no ute av programmet. To av dei har flytta frå kommunen og fått lærlingjobb i nabokommunar. Ein flytta frå kommunen etter 8 månader. Ein avslutta før fullført introduksjonsprogram grunna overgang til høgare utdanning. Dei fire andre er alle i jobb. Det er for tida 7 deltakarar igjen i introduksjonsprogrammet. Ein av desse går på vidaregåande skule i Dale, og bur på hybel der. Ein har for tida svangerskapspermisjon.

To av deltakarane som gjekk på vidaregåande skule i vår, fekk forlenga introduksjonstida si, slik at dei kunne fullføre skulegangen. Ein fekk forlenga med 5 månader, og ein med to månader. I høve busetting av fleire flyktningar er det pr. i dag ikkje sagt noko frå IMDI om 2019.

Det er von om balanse ved rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 410 – Bibliotek

Biblioteket vert drifta i linje med budsjettet og det er forventa at ein held budsjettet i 2018. Solund folkebibliotek har i 2018 motteke 40.000 kr i «arenautviklingsmidlar» frå Nasjonalbiblioteket. Midlane er brukt til innkjøp som legg til rette for arrangement på biblioteket som til dømes foredragshaldarar og underhaldarar.

Det er von om balanse ved rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 420 – Frivilligsentral; - herunder Volontørtenesta

Frivilligsentralen vart i 2017 flytta over på den økonomiske ramma til kommunen og Frivilligsentralen vert drifta etter dei føresetnader som er gjevne.

Solund sitt formannskap er årsmøte for Solund Frivilligsentral og det vart heldt årsmøte i april. Bjørn Magne Hansen vart vald som styreleiar på 1 år.

Solund Frivilligsentral har i september fått 2 nye volontørar.

Det er von om balanse ved rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 430 – Gjenbruket; - herunder Turistinformasjonen

Gjenbruket vert drifta i linje med budsjettet, men ein ser at det er behov for meir ressursar dersom ein skal oppretthalde dei noverande opningstidene. Drifta skjer gjennom salsinntekter, tilskot og andre inntekter, og det er såleis behov for å auke desse i framtida. Gjenbruket er vorte ein viktig møtestad i bygda og det har vore etterspurt å halde opent fleire dagar i veka. Gjenbruket har status som dagsenter for PU-tenesta og får midlar for dette frå helse og omsorg.

I tillegg til noverande aktivitetar, som torsdagslunsj og språkskafé, ynskjer Gjenbruket i 2018 å setje fokus på dei alarmerande rapportane om tilstanden i hava og kva vi på lokalt plan kan bidra med for å auke kjennskapen om kva den enkelte kan gjere i kvardagen for å bidra til eit reinare miljø. Det vil bl.a. bli arrangert foredrag og mini-seminar om ulike miljøaspektar.

Det er von om balanse ved rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 200

Solund barnehage

Status:

Solund barnehage har i første del av 2. tertial 37 barn fordelt på tre avdelingar. Nytt barnehageår byrja 15/8-18 med 29 barn. Av desse er 13 under tre år. Ut frå dette er 42 einingar i bruk, og her er 8 ledige einingar. Barna representerer 6 nasjonalitetar og er spreidd i alderen 10 mnd-5 år. Det vert drifta godt, aktivitetsnivået er normalt og her er mykje god og positiv aktivitet. Her er og eit godt samarbeid både eksternt og internt.

TERTIALRAPPORT 2 ÅR 2017

I tertialet har det vore ei langtidssjukemelding, aukande bruk av velferdspermisjonar og høgt eigenmeldt fråvær. Ein freistar å halde fokus på eit godt arbeidsmiljø og på å yte gode tenester til brukarane. Dette lukkast ein med i kvardagen, samstundes vil det vere behov for noko rekruttering til eininga i tida framover.

Hovudferie har vore avvikla i perioden i dette tertialet. Ein tilsette då 3 ferievikarar og hadde 3 ungdommar inne i sommarjobb 13-17 år. Utfordringa vart i år at fleire sa opp barnehageplassen etter at ferieplanen var lagt, dette skapte utfordringar i lovd arbeid til ferievikarar, noko som igjen førte til auka utgifter.

Det er kome krav om ei topedagognorm frå 1/8-18. Solund barnehage har for barnehageåret 2018 / 2019 løyst dette ved å konstituere ein tilsett som pedagogisk leiar. Gjeldande tilsett vil vere ferdig utdanna barnehagelærer juni 2019.

Det har vore naudsynt å vidareføre den mellombelse 2-språklege assistentstillinga også i barnehageåret 2018 / 2019. Administrasjonssjefen har gitt løyve til å bruke 0,15 mill. av flyktningfondet til å saldere meirkostnaden med denne stillinga dette året.

For å styrke samarbeidet mellom heim og barnehage vart det i tertialet gjennomført fleire dugnader der ein rusta opp og fornya deler av uteområdet. Personale og foreldre har samarbeida godt om dette prosjektet!

Økonomi

Det kan vere at ein på slutten av året vil sjå att eit negativt resultat grunna behov for ekstra personell ut frå barnetal. Eininga lukkast ikkje å gjere innsparing i høve ferieavviklinga.

Solund barnehage har motteke 391 000,- frå Austrheim kommune som refusjon for gjesteplassar i barnehagen i 1. halvår.

Det er vorte ei auke i lønsutgifter då alle tilsette no er fagarbeidarar / barnehagelærarar, samstundes som ein måtte konstituere ein pedagogisk leiar.

Det er tilført midlar på ramma til dekning av lønsutgifter til prosjektstilling «miljøarbeidar». Løna vert ført på ansvar 220, og den rettmessige delen av budsjettmidlane må overførast frå ansvar 200 og 210.

For å kome i balanse ved årsslutt vil ein måtte gjere innsparingar i drifta:

- Ikkje vikar i arbeidsgjevarperioden ved sjukemeldingar
- Ikkje vikar ved korttidsfråvær
- Det vert ikkje teke inn nye barn før hovudopptak i mars 2019, med oppstart i august 2019

Dette gjev følgjande konsekvensar:

- Dårleg arbeidsmiljø grunna ein pressa arbeidssituasjon
- Barn som treng ekstra oppfølging får ikkje den hjelp og oppfølging dei har krav på

Fleire føresette ved Solund barnehage fyller kriteria som er stilt for å få redusert foreldrebetaling, og har fått innvilga dette etter søknad. Dette medfører noko reduksjon i inntekter.

Ansvarsområde 200 vert redusert med 0,15 mill., for overføring til ansvar 220, miljøarbeidar.

Det vert elles forventa balanse ved årsslutt, under føresetnad av at ein kan nytte Flyktningfondet til å dekke lønskostnadane med den 2-språklege assistenten.

Ansvar 210

Solund barne- og ungdomsskule

Status i høve mål og rammer

Skulen har i skuleåret 2018 – 2019 har pr august 90 elevar. Det er svært gledeleg at elevtalet dei siste åra har vore stabilt på 88 – 90 elevar.

I tertialperioden er sjukemelding- og eigenmeldingsprosenten pr august 4,51 %. Til samanlikning var prosenten pr. august år 2017 på 0 %.

Økonomisk rapport viser at utviklinga av lønnskostnaden ligg høgare enn det som er tilrådd. Følgjande er kort skildringar av dei ulike kring tenestoområda.

Grunnskulen, 20200:

Tenestoområdet går ikkje i balanse, truleg med kring 0,3 mill.

- Kostnaden ved bruk av vikarar viser meirforbruk. Dette sjølv om skulen viser måtehald og kreativitet ved bruk av vikarar. I tertialperioden har det vore sjukmeldingar, ferieavvikling (overført frå 2017) ulike permisjonar og tilfeldig fråvær.
- Også bruken av overtid viser meirforbruk. Årsaka her er at lærarar som allereie har 100 % stilling må inn og verte bruk som vikar.
- Det har vore behov for auke i undervisningsressursen knytt til grunnleggande norskopplæring (GNO) .
- Kommunen har ikkje fått tilført midlar knytt til den nye reforma med reduksjon av elevtal pr lærar.

Dei to første punkta må sjåast saman. Vikarmarknaden i Solund er avgrensa, og det er vanskeleg å få kvalifisert undervisningspersonell. Ved einskilde fag må allereie tilsett lærar inn og vikariere og overtid vert løyst ut.

Ved skulen er det ulike nasjonalitetar. Dette er positivt og viser mangfaldet som er elles i samfunnet. I opplæringssamanheng er det gjort eit val med å setje inn ressursar på å lære norsk så fort som mogeleg. Målet er at elevar skal kunne følgje ordinær undervisning.

Å legge til rette for GNO har ulike utfordringar:

- Å ha lærar som kan eleven sitt morsmål
- Å ha kvalifisert personale til å undervise i GNO
- Å kunne avdekke evt lærevanskar
- Å ha vikarressursar om behov
- Å ha tilfredsstillande ressursar til å gje intensiv opplæring som gjev progresjon og ønskja framdrift.

Mange av desse punkta er vanskeleg og gjennomføre, og dels er dei ikkje gjennomførberre.

Som det vart varsla ved 1. tertialrapportering vil ikkje denne tenesta kome i balanse ved årsslutt. Gjennom tilsetjingsprosessen tok ikkje kvalifisert personale i mot tilbydd stilling. Skulen har såleis ein noko høg grad av ikkje-kvalifiserte tilsette, noko som gjer at det skal nyttast ressursar på mentor- / rettleiingsordningar, i tråd med kav som er kravet til oppfølging av nyutdanna lærarar.

Det er likevel gledeleg å kunna melde at skulen har tilsett kvalifisert personell i 2,3 årsverk av dei 4 årsverka som var målsetjinga.

Ved budsjettrevisjon våren 2018 fekk skulen tilført midlar til å nytte i arbeidet med å gjere barn og ungdom kjent i ulike delar av kommunen. Delar av midlane har vore nytta til ungdomsskulen sin tur i Ospa og mellomtrinnet sin overnattingstur til Utvær.

TERTIALRAPPORT 2 ÅR 2017

Tenesteområde ligg an til å få eit meirforbruk på løn ved dette tenesteområde. For å dempa meirforbruket på løn, vert ein restriktiv med å nytta andre driftsutgiftspostar ut året. Ekstra refusjonar vil også kunna dekke noko av meirforbruket, slik at ein samla sett reknar med eit meirforbruk på inntil 0,15 mill. ved årsslutt.

Leirskule, 20270

Dette tenesteområdet vil ikkje gå i balanse, sjølv om det vert tilført statleg tilskot ved innmelding til GSI hausten 2018. Tilskotet vil ikkje dekke alle utgiftene.

Skulefritidsordning, 21500

Tenesteområdet vil kome i balanse.

Drift og vedlikehald av skulelokale, 22220

Tenesteområdet vil kome i balanse.

Samla sett kan det ligge an til at dette ansvarsområde vil få ei overskriding på om lag kr. 175`. Dette er etter at 0,15 mill. av ramma vert flytta til ansvar 220 (miljøarbeidaren si løn vert ført på ansvar 220 i staden for delt mellom ansvar 200 og 210). Dette er også etter at ein har forsøkt henta inn noko av avviket ved bruk av ekstra refusjonar og reduserte driftsutgifter elles.

Innspel til budsjett og økonomiplanprosessen:

Utdanna lærarar har minst 4 år høgskuleutdanning. Grunna endring i utdanningssystemet til lærarar, frå 4 års utdanning til 5 år med krav om master, vil lønsutgiftene auke. Vidare må skulen ta med i planlegginga at for skuleåret 2020 – 2021 vil det ikkje verte uteksaminert nyutdanna lærarar grunna overgangen til det nye utdanningssystemet. Det er allereie stor mangel på lærarar i Norge og Solund må vere aktiv i rekrutteringsarbeidet. Mest truleg vil ein allereie skuleåret 2019 – 2020 merke rift om utdanna lærarar.

Kompetanseutviklingsplanen viser behovet for vidareutdanning opp mot strategidokumentet Kompetanse for kvalitet samt forskrift om kompetansekrav i opplæringslova. Her finn ein føringar på tal studiepoeng opp mot fag det vert undervist i. Avhengig av kva fag skulen har av kompetansebehov vil noko av det økonomiske verte dekkja av statlege midlar, medan andre fag må kommunen dekke sjølv. Ingen av dei varsla 3 lærarane som hadde meldt si interesse for vidareutdanning får høve til å gjennomføra denne utdanninga i skuleåret 2018 / 2019. Ein vonar likevel å få gjennomført dette i planperioden

Statlege midlar knytt til «Tidleg innsats» vert i si heilskap nytta til å styrke ressursane på dei yngste trinna og det er behov for å investere i tilpassa elevbord ved mellomtrinnet.

Den totale stillingsstorleiken når det gjeld leiing ved skulen er 130 %. Skuleleiinga opplever at auke av utfordringar, forventingar og oppgåver gjer at ein ikkje strekk til i kvardagen. Skuleleiinga har det faglege, økonomiske og pedagogiske overordna ansvaret ved skulen og skal ein lukkast i skuleutviklingsarbeidet viser ulik forskning at leiinga må vere tett på. Merkantile oppgåver bør utførast av tilsette som har kompetanse på dette. Skuleleiinga bør bruke tida si på leiing og følgje opp arbeidsoppgåver knytt til faglege og pedagogiske oppgåver.

Desse innspela vil ein koma attende til gjennom den budsjettprosessen denne hausten.

Ansvarsområde 210 vert redusert med 0,15 mill., for overføring til ansvar 220, miljøarbeidar. Det vert elles forventet eit meirforbruk på dette ansvarsområde på kr. 175` ved årsslutt.

Ansvar 220

Felles barnehage, skule, PPT, kulturskule, vaksenopplæring, norskopplæring for vaksne, skuleskyss og reinhald idrettsbygg

Status i høve mål og rammer:

Norskopplæring framandspråklege:

I løpet av skuleåret 2017 - 2018 har behovet i vaksenopplæringsgruppa, på dagtid, auka og det har også vore naudsynt med gradering av opplæringstilbodet. Dette har medført behov for fleire tilsette. Dette vart ikkje fanga opp ved 1. tertialrapportering.

Vaksenopplæringa på ettermiddag-/kveldstid vart våren 2018 gjennomført som kjøp av teneste frå godkjent privat tenestetilbydar. Då denne avtalen opphøyrd vart det frå 01.08.2018 naudsynt å tilsetje ein kommunal ressurs.

I samband med budsjettprosessen vart det forventa om lag 1,3 mill. i statstilskot til norskopplæring framandspråklege. Pr dd er det tildelte tilskotet på 1,2 mill.

Tilskotet vert tildelt ut frå kor mange innbyggjarar det er i Solund som tilfredsstillar tildelingskriteria, samt tilskotsmidlar som er knytt til å busette flyktningar. Talet som kjem innunder desse ordningane er varierende. Kva nivå språkopplæringa skal vere på er også varierende og må leggest opp til deltakarane si utvikling. Plikta til å legge til rette for tilpassa opplæring er særleg stort opp mot introduksjonsprogrammet. Vi har få deltakarar, og nivåforskjellane kan vere store. Dette kan løyse ut ekstra personalressursar og dermed lønskostnad. Då Solund kommune ikkje har tilfredsstillande undervisningslokalitetar vert det også ekstra kostnader ved å leige.

Meirforbruket / mindreinntektene kan verte på tilsaman om lag 0,35 mill. ved denne tenesta.

Prosjektstilling for oppvekstsektoren - miljøarbeidar

Frå 01.08.2018 har prosjektstillinga innan oppvekst vore aktiv. Stillinga er tverrfagleg knytt til oppvekstsektoren og har starta arbeidet sitt ved barnehagen. Eigne prosjektmidlar er sett av til stillinga, men desse er tilført ansvar 200 - barnehagen, og ansvar 210 – skulen. Det vert såleis eit avvik ved denne tenesta på 0,3 mill., om ikkje løyvingane vert overført til ansvar 220; - noko som vert tilrådd å gjere i budsjettendringssaka som følgjer denne saka.

PPT

Stillinga ved lokalt PPT har vore vakant sidan 01.08.2016. Det er gledeleg å kunne dele at det frå 01.09.2018 er gjort tilsetjing i stillinga. Det lukkast ikkje å få spesialpedagog, men den som er tilsett har tilsetjing med vilkår om å gjennomføre spesialpedagogisk utdanning.

Det er signalisert ei refusjonsinntekt i det interkommunale samarbeidet, sidan det har vore ein vakanse i tenesta der. Det er uvisst kor stor den vert.

Innføring av VISMA Flyt skule og barnehage:

Frå 01.08.2018 tok SYS-kommunane i bruk det administrative fagsystemet VISMA Flyt skule. Implementeringa er full gang, For Solund er dette å ta små steg saman med lærarane og føresette. VISMA Flyt Barnehagen er i ferd med å verte tilført prosjektet. I samband med budsjett- og økonomiprosessen må det setjast av prosjektmidlar til opplæring og innkjøp av dette administrative fagsystemet.

Eventuelle avvik ved årsslutt

Det er behov for rektor knytt til vaksenopplæringa.

Årsak til avvik

Endra deltakartal i løpet av skuleåret og behov for undervisning på ulike nivå/i ulike grupper. Dette gjeld undervisning som er knytt til introduksjonsprogrammet og er hovudsakleg knytt til våren 2018. Hausten 2018 vart utgifter redusert ved introduksjonsprogrammet, men det skjer ein auke i tilbodet til vaksenopplæringa på kveldstid.

Tiltak for nå mål og økonomisk balanse

- Nytte tilskotsmidlar på fond, stort kr. 0,35 mill., som vert gjeve kommunen gjennom busetnad av flyktningar.
- Overføre budsjettmidlar frå ansvar 200 og 210, for å dekke lønskostnadane på miljøarbeidaren.
- Gjennomføre budsjettendring elles, mellom tenesteområda for å utjamne avvik innafør ansvarsområdet.

Innspel på investeringar til tertialrapporten og budsjettprosessen:

Aktivitet	Auke ramma med kr
Auke stillinga som skule- og barnehageansvarleg til 100 % stillingsstorleik frå 01.08.2019	250 000
Rektor ved vaksenopplæringa 50 %	300 000
Investering VISMA FLYT BARNEHAGE 2019	100 000

Desse punkta vil verta arbeidd vidare med gjennom budsjettprosessen i haust.

Det vert forventa balanse ved årsslutt ved dette ansvarsområde. Dette føreset at flyktningfondet vert nytta til å dekning for meirforbruk / mindreinntekter ved tenesta «norskopplæring framandspråklege».

Ansvar 250

Solund kulturskule

Oppdrag

Samarbeidet med skuleverket knyter kulturskulen sitt oppdrag saman med grunnskulen si målsetting:
”Opplæringa sitt mål er å utvide barn, unge og vaksne sine evner til erkjenning og oppleving, til innleving, utfalding og deltaking.”

Kulturskuleplanen er styrande for verksemda i kulturskulen.

Status

Kulturskulen er i ei positiv utvikling. Aktivitet og deltakarnivå aukar.

Aktivitetar:

- Faste Kursaktivitetar
- Piano 8 elevar
- Fele 4 elevar
- Gopro filmklubb 6 elevar
- UKM unge arrangørar 12 medlemmar
- Kreativ verkstad 6 elevar

Møtearenaer:

Kulturskulerektor møter i ulike fora:

- Administrasjon møte med barnehage og skulestyrar, administrasjon sjef, HTV, undervisningsinspektør møtast kvar 14 dag
- Den gode skuleeigar-strukturen
- Plandagar med skule og barnehage
- Kulturskulekonferansar, UKM, KS, kulturskulerådet
- UKM-kontakt: møte med ungdomar som er kulturkontaktar ca. kvar anna mnd.
- Styremedlem i Sognefjorden Kystpark
- Styremedlem i Norske parkar
- Styremedlem Solund Fotoklubb
- Styremedlem i Losna spelet

Eksterne samarbeid:

Skipinga av Solund Musikk og Teaterverkstad og innmelding i Frilynt gjev mogelegheiter å søke midlar i Frifond som kan nyttast til teater og musikkrelatert verksemd.

UKM stimuleringsmidlar bidreg til mykje av aktivitetane.

Økonomi:

Driftsområdet er i balanse

Det er von om balanse ved rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 300

NAV Solund

Dersom ikkje uføresette ting dukkar opp, vil ansvar 300 ligge innanfor ramma si ved årsslutt.

Det kan nemnast at budsjettert kvalifiseringsstønad står unytta pr. dags dato.

Det kan også nemnast at budsjettet for sosialstønad og sosiallån kan vera tilstrekkeleg, utan bruk av flyktningfondet til inndecking av ein periodisert utgift frå år 2017.

Innspel til budsjett- og økonomiplanen

Vi opplever auka pågang av flyktningar til kontoret med trong for blant anna opplysning, råd- og rettleiingsteneste, samt behov for økonomisk sosialhjelp. Vi erfarer at oppfølging av desse brukarane er ekstra tidkrevjande, blant anna grunna språkutfordringar. Med den ekstra 50% stillingsressursen som har vore i kontoret frå januar 2018, har det vore mogeleg å handtere dette. Vi veit at hovudtyngda av personar med avslutta introduksjonsprogram kjem i 2019, og då må kontoret vårt vere rigga til å klare dei arbeidsoppgåvene som kjem. Eg ser det difor som høgst sentralt å sikre vidareføring av midlar til den ekstra 50% stillingsressursen ved NAV-kontoret, og helst burde den vore auka til 70%, sett i høve til tal personar med avsluttande introduksjonsprogram. Eg tenkjer også at styrking av ressursar kan sjåast som ei investering der kommunen kan spare pengar/skape inntekter på sikt i drifta.

Kvalifiseringsprogrammet med påfølgjande kvalifiseringsstønad, kan vere eit aktuelt verkemiddel med omsyn til å få flyktningar raskare i ordinært arbeid. Kvalifiseringsprogrammet har som mål å fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet ved hjelp av tettare og meir

forpliktande bistand og oppfølging. Kvalifiseringsstønaden for ein person er 2G, kr 193.766,- pr. år + eventuelt tillegg for barn. Av erfaring veit ein at oppfølging av brukarar i kvalifiseringsprogrammet er arbeidskrevjande, og føreset at ein er tett på brukarane med hyppig oppfølging. Inngangsvilkåra til Kvalifiseringsprogrammet er strenge, og vi har så langt ikkje hatt flyktningar i Kvalifiseringsprogrammet. Oppmjuking av inngangsvilkåra for Kvalifiseringsprogrammet er på gang, noko som lett kan medføre at vi framover vil få aktuelle brukarar av programmet med påfølgjande kvalifiseringsstønad. Å sikre denne tenesta tilstrekkeleg midlar, ser eg difor som svært viktig.

Innpela til budsjett- og økonomiplanen, vil ein koma attende til i budsjettprosessen i haust.

Det er von om balanse ved rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 310, 312, 313, 314, 370, 371, 372, 373, 380 **Helse- og omsorg**

Ansvar 310 - Helsetenesta

Lækjartenesta

Solund lækjarkontor har hatt ei vellukka styrking i høve lækjar, noko som vi har fått mykje god tilbakemelding på. Ventetida har gått ned, og tilgjengelegheita har gått opp. Det er trygt for Solund samfunnet at det finst lækjar på vakt 24/7. I sommar under ferieavviklinga var vi heldige og fekk tilsett ein røynd lækjarvikar.

Lækjartenesta har ansvar for innkjøp av utstyr til KAD-seng, noko som er i rute. Det vil være lækjar som disponerer KAD, og som avgjer kven som skal nytte tilbodet. Det vil være lækjar / sjukepleiar på vakt som skal følge opp pasienten. Utstyr og rom vil være tilgjengeleg for lækjar 24/7. Det blir generelt eit styrking av tilbodet til alle innbyggjarane i Solund.

Solund blir høgt fakturert i høve Helse Førde når det gjeld ambulansébåt; - det vil seie på same nivå som Gulen kommune. Det kan kjennast urimeleg, spørsmålet om ei rettviss frdeling må takast opp. Solund har invitert Helse Førde til dialog i høve akuttmedisinske tenester i oktober, og her vil dette bli eit tema.

I 2018 fekk vi ei uventa avrekning i høve gjestepasientar for år 2017, det er noko vi diverre ikkje kan styre. Solund lækjarteneste vil få litt høgare vikar lækjarutgifter enn det som var budsjettert. Auka inntekter ved tenesta dekkjer ikkje opp dette.

Slik som det ser ut no vil lækjartenesta få eit meirforbruk på mellom 0,1 mill. - 0,15 mill.

Fysioterapitenesta

Solund fekk kommunal fysioterapeut i 100% stilling frå januar 2018. Det har vore ei særdeles vellukka satsing. Pasientane får tilbodet i eigen kommune, og slepp å reise langt for å få fysioterapi.

Institusjons og heimetenesta har kome styrka ut, etablert eit rehabiliteringsteam og pasientane har fått tettare oppfølging. Fysioterapeuten samarbeider tett både med lækjar og helsestasjon. Fysioterapeuten er inne i barselgruppe, aktiv på dagtid samt har gruppetreningar. Fysioterapeuten har også starta førebyggjande heimebesøk for dei innbyggjarane som er 75+ , og då i lag med ergoterapeuten.

Sidan det er ei ny teneste i kommunen var det vanskeleg å stipulere inntekt, men det er gledeleg at vi ser ei tre-dobling av inntekta, enn det som var budsjettert.

Det vert truleg eit meirforbruk på inntil 0,15 mill. ved rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 312 - Helsestasjon/Skulehelsetenesta

Det er tilført ein reserverte løyving på 0,1 mill. ved denne tenesta.

Det har vore ei utfordring å få kontinuitet i å effektuera planane for bruken av midlane.

Midlane vert i år brukt som avtalt til fornying av inventar, medisinsk utstyr og kompetanseheving.

Status elles:

- Tuberkuloseplan skal reviderast. Er ikkje starta.
- Tilbod om gratis HPV- vaksine til unge kvinner født 1991 og seinare vert gjeve av helsesøster. Inntekt føres på helsestasjonstenesta.
- Reisevaksinering. Tidlegare vart inntekta ført på legekantoret. Grunna utgifter på helsestasjonen på vaksiner mm bør inntekt på reisevaksinering overførast til helsestasjonen.
- Helsesøster har rutinar på plass for helsestasjon og skulehelsetenesta jfr handlingsplan for vald i nære relasjonar.
- Evalueringsmøte med jordmortenesta er ikkje gjennomført.
- Innføring av ny personvernlov mai 2018. Arbeidet er ikkje starta i vår organisasjon.
- «Virtuelt møterom». Har delteke i møte og opplæring via skype.

Det er til stor hjelp for tenesta at Solund har fått lækjar til stades på lækjarkantoret kvar dag. Det er no eit tett og godt samarbeid mellom Helsestasjon / Skulehelsetenesta og lækjartenesta, og det tverrfaglege samarbeidet er vorten styrka det siste året.

Det er von om balanse ved dette rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 313 - Psykiatri

Status:

- Manglande dagtilbod til menn i psykisk helsetenesta.
- Brukar undersøkingar er ikkje gjennomført.
- Samanslåing av psykisk helseteneste og rustenesta: Arbeidsgruppa venter framleis på avklaring frå styringsgruppa.
- Psykolog skal erstatte leiar for psykisk helse i 30 % stilling. Det er planlagt kven som skal ta over oppgåver, men ikkje avklart kva noverande leiar skal ha gjere.
- Arbeidet med handlingsplan for vald i nære relasjonar er starta. Dette arbeidet skal integrerast i tenesta og i planar. Revidering av planar er utsett til omstillingane er gjennomført.
- Innføring av ny personvernlov mai 2018. Arbeidet er ikkje starta i vår organisasjon.
- Behov for fornying av møblement på lunsjrom og venterom.

Det har oppstått nokre meirforbruk som ikkje let seg dekkja inn.

- «Aktiv på Dagtid» gir tilbod om tur og trening 4 gonger pr. veke. Eigenandelen til brukarane dekker ikkje alle utgiftene. Her oppstår det eit mindre avvik kvart år.
- Auka behov har ført til jamt meir bruk av støtte- og treningskontakt.

Etter tidlegare godkjent plan vert fondet for psykiatrimidlar nytta slik i år 2018:

Kompetanseheving.	Midlane vert også brukt til kompetanse for kriseteam.
Støttekontakt til ungdom:	Vi brukar av fondsmidlar til ungdom også i 2018.
Arbeidsstova «Flittige Hender»:	Meirutgifter på forbruksmateriell til arbeidsstova, vert dekkja

Det vert truleg eit meirforbruk på inntil 0,1 mill. ved rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 314 - Rusomsorg.

Solund kommune har hatt bemanna ruskoordinator i 40% frå 01.01.2018. Det er bestemt at rus/psykiatri blir slegen saman til ei eining, noko alle involverte er samde i. Det vert ein intern prosess vidare med tanke på endeleg organisering.

Solund kommune har fått øyremerkte midlar som skal dekke opp mestedelen av kostnadane med rusomsorga.

Det er von om balanse ved dette rammeområdet ved årsslutt.

Ny satsing - Psykologteneste

Det er naudsynt å få på plass ei psykologteneste så snart som råd er. Ei slik teneste vert lovpålagt for kommunane frå år 2020. Når vi ser på den erfaringa vi har til no i høve ergo- og fysioterapeut og den breie tverrfaglege utviklinga i tenesta, vil ein psykolog komplettere fagmiljøet på ein god måte. Solund kommune vil få dekkja kostnadane med ei satsing her, gjennom øyremerkte midlar.

Ansvar 370 – Pleie- og omsorg:

Ergoterapitenesta/Dagsenteret.

Tenesta har funne sin plass i helse- og omsorg. Dagavdelinga er populær både for brukarar i og utanfor institusjon. Ergoterapeut og fysioterapeut samarbeider godt med rehabilitering / habilitering. Dei søkte helsedirektoratet om prosjektmidlar og fekk kr 252 000,- Midlane skal gå til kjøp av nytt utstyr for ei god rehabilitering/habilitering.

Det er starta trimgruppe for brukarar på Solundheimen to gangar pr. veke av ergo- og fysioterapeut. Det er eit populært tilbod, og som gjev gode resultat i høve mobilitet og spenst hjå pasientane. Dagavdelinga har vore på utflukter som har vorte godt motteke, og vil ha fleire utover hausten / vinteren.

Ergoterapeuten har starta på vidareutdanning i velferdsteknologi gjennom høgskulen på Vestlandet. Ein kompetanse som Solund treng og vil ha god nytte av i åra som kjem. Frå mai 2018 fekk ergoterapeut- og fysioterapeut bil, noko som er med å lette kvardagen og gjev brukarane eit betre tilbod, det være seg knytt til hjelpemidlar, heimebesøk, etc.

Institusjonstenesta / heimetenesta.

Helse- og omsorg har i dag ei stabil og god teneste for pasientar i og utanfor institusjon. Omorganiseringa av helse- og omsorg kan ein vel med rette sei har vore vellykka. Vi har eit sjukefråvær som har gått frå 16% til i underkant 5%. Trivselen og samhaldet er godt synleg, med gode

TERTIALRAPPORT 2 ÅR 2017

faglege diskusjonar. Eininga har hatt betydeleg kompetanseheving og som vil fortsette i åra som kjem. Vi skal rigge KAD senga frå 01.11.2018 og er i rute i høve utstyr og mottak av pasientar.

Tenesta krev at vi skal ha sjukepleiar på vakt 24/7 og frå sommaren 2018 har vi hatt utfordringar, då vi har hatt vakante stillingar. I tillegg har vi hatt to utlysingar som ikkje har gjeve resultat.

For å avhjelpe sjukepleiarmangelen har dei faste sjukepleiarane teke på seg ekstravakter og avdelingssjukepleiarane har gått vakter. Helsepersonellet elles har stått på i ein krevjande sommar og haust, og det er berre å rose alle for innsatsen.

Det er tilsett ein ny sjukepleiar som startar i slutten av oktober 2018.

Vi har også fått hjelp til å rekruttere sjukepleiarar frå Polen, noko som kan sjå ut som har vore eit vellukka grep og som vil bidra til mindre slitasje og overtid for alle tilsette.

Rekneskapen viser eit mindreforbruk på fastløn på om lag 0,8 mill. pr. 31/8. Dette er i tråd med kva som var signalet om moglege innsparingar i drifta resten av året. Men vakansar har utløyst overtid på om lag 0,2 mill. Denne kostnaden må dekkast av denne innsparinga.

I tillegg vil det verte meirkostnader med å nytte eit rekrutteringsselskap (Adecco) for å få på plass to sjukepleiarar medfører ein kostnad på 0,32 mill. Alternativet med å nytte ordinære vikarbyråtenester, vil gje ekstrakostnader som vert større enn denne summen på årsbasis. Det er å føretrekke å få tilsett sjukepleiarar gjennom rekrutteringsordninga, fordi desse i tillegg blir busett i kommunen.

Samla sett kan det sjå ut som om det vert ei innsparing på 0,25 mill. ved ansvar 370 ved årsslutt. Dette vil kunna dekke meirkostnader ved både lækjartenesta og psykiatritenesta.

Kjøken/vaskeri

Det er tilsett ny kokk, og såleis er det ikkje nokon vakanse. Kjøkenet har lagt om måltidsstrukturen og fått inn fire likeverdige måltid etter helsedirektoratet si tilråding. Brukarane får no frukost, lunsj, middag og kvelds. Så langt ser det ut som det fungerer bra, og med ei harmonisering av turnus i institusjonstenesta voner vi at dette blir ei vellukka satsing. Helgene er som før, og det vert såleis ingen meirkostnad på personellet som arbeider ved kjøkenenesta.

Når det gjeld vaskeri så er det ei sterk bekymring i høve rein og skitten sone. Vi har fått mange merknadar, og ved siste tilsyn kom det fram ein irritasjon over at arbeidet ikkje var sett i gong. Det er eit tidsspørsmål før vi får pålegg om å stenge vaskeriet. Dette arbeidet må starta opp i år 2018 .

Det vert truleg eit mindreforbruk på inntil 0,25 mill. ved rammeområde 370 ved årsslutt.

Ansvar 371, 372 og 373 – Driftsmidlar for avdelingsleiarane i helse- og omsorg

Ansvar 371 – leiar institusjonstenesta:

Det har vore eit jamt forbruk av medisin og medisinsk forbruksmaterieell dette året og på nivå med budsjettert ramme.

Det er von om balanse ved dette rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 372 – leiar heimebaserte tenester:

Transportkostnadane for heimesjukepleien har vore om lag på nivå med budsjettert sum.

Det er von om balanse ved dette rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 373 – leiar kjøken / vaskeri:

Inntektene for matsal er litt lægre enn budsjettert, men det er likevel von om at desse inntektene vert høge nok ut året, slik at budsjettert nettoramme kan verta halden.

Det er von om balanse ved dette rammeområdet ved årsslutt.

Ansvar 380 - Barnevern

Rapportskrivinga frå leiaren innan tenesta måtte utsetjast, av uføreseielege hendingar.

Dersom utgiftene i 3. tertial vert på nivå med dei 2 første tertiala og ingen nye barnevernstiltak vert sett i verk, ser det ut som om budsjetteramma vil halde.

Det er von om balanse ved dette rammeområdet ved årsslutt.

Oppsummerte avvik helse- og omsorg:

Ansvar 310 vert forventa å få eit meirforbruk på inntil 0,15 mill. ved årsslutt

Ansvar 312 vert forventa å nå budsjettbalanse

Ansvar 313 vert forventa å få eit meirforbruk på om lag 0,1 mill. ved årsslutt

Ansvar 314 vert forventa å nå budsjettbalanse

Ansvar 370 vert forventa å få eit mindreforbruk på om lag 0,25 mill. ved årsslutt

Ansvar 371 vert forventa å nå budsjettbalanse

Ansvar 372 vert forventa å nå budsjettbalanse

Ansvar 373 vert forventa å nå budsjettbalanse

Ansvar 380 vert forventa å nå budsjettbalanse

Helse- og omsorg har vore gjennom nokre tøffe tak i åra som er gått, med omorganisering. Det har vore naudsynt for å få ei god og framtidretta teneste. Det er med stoltheit og glede å sjå medarbeidarar tek eit solid tak kvar dag, for å stette dei behov kvar einskilt brukar har, store som små.

Heile Helse- og omsorgstenesta har kome ned på eit akseptabelt nivå i høve sjukefråvær. Det er svært gledeleg. Det ser også ut til at dei budsjetterte rammene vil halde samla sett.

Ved normal drift og utan ekstra rekrutteringskostnader i år 2019, burde ein kunna klare å gjennomføra dei innsparingane som er vedteken i gjeldande økonomiplanen.

Ansvar 600, 601, 610 og 620 – Plan- og utvikling

Av ressursmessige årsaker, har ein ikkje fått analysert desse ansvarsområda tilstrekkeleg knytt til denne tertialrapporteringa. Generelt sett har situasjonen vore slik at ein har drifta med ein god del vakansar dette året; - både innafor plan, landbruk og på ulike vedlikehaldsområde. Nokre overordna kommentarar følgjer under.

Kap. 600 – Brannvern og beredskapstenester, Sjølvkostfond; - herunder Vatn, Avløyp, Feiarvesen, Kart og oppmåling

Her vert det eit større meirforbruk. I all hovudsak er dette knytt til brannen i Ytre Sula. Dette har utløyst større utbetalingar til både fast og friviljug mannskap enn forventa.

Meirforbruket vil verta om lag 0,3 mill.

Det er søkt om utgiftsdekning hjå Fylkesmannen, for meirkostnadane på all transport knytt til hendinga, men dette er ein usikker inntektspost.

Inntektene på sjølvkostfonda ser ut til å vera i balanse, om ikkje grunnlaget for fakturering i siste tertial endrar seg vesentleg. Men det har oppstått ei uføreseieleg hending knytt til VA-sektoren, slik at der er det kome til ei meirutgift på om lag kr. 140⁰. Denne utgifta skal jamnast ut i tråd med sjølvkost-prinsippet, men dette skjer ikkje før i dei komande åra, sidan dette sjølvkostfondet er oppbrukt.

Det vert forventet meirutgifter på om lag 0,45 mill. ved årsslutt ved dette ansvarsområde.

Kap. 610 – Planarbeid, byggesak, landbruk og drift av småbåthamn

Det er stor aktivitet på byggesaksfronten.

Gebyra knytt til byggesakshandsaminga ser ut til å vera i lægste laget, men med fortsatt høg aktivitet, kan budsjettmålet likevel verta nådd.

Om status på plangebyra:

Det er og har vore høg aktivitet i bygda på det å etablere ny næringsverksemd. Særleg har det vore stort trykk på planarbeidssida knytt til aktivitet i oppdrettsnæringa. Dette skal gje høge planinntekter til kommunen og dette er positivt.

Vår tidlegare planarbeidar slutta denne våren og ny arbeidar vart tilsett i sommar og det har vore ein krevjande arbeidssituasjon.

Det er i dag eit større avvik mellom budsjett og rekneskap for gebyr som er knytt til planarbeidet i kommunen. At budsjettmåla skal verta nådd, er avhengig av at planane er ferdige og faktureringsgrunnlaget er på plass i eigen organisasjon. Store planar frå år 2017 er ferdigstilt, og det gjenstår å få fakturert tiltakshavar. Vakansen har gjort at dette arbeidet har latt vente på seg og at storleiken på plangebyra frå år 2017 ikkje er kjend i skrivande stund.

Det er heller ikkje klårt kva som vert resultatet av planarbeidet i år 2018.

Ei nærare orientering om status på plangebyra, vil verta gjeven i formannskapsmøtet.

Etter ein periode med vakanse, vart det tilsett ny planarbeidar denne sommaren.

Noko vakanse har det vore og sparde lønsutgifter (kr. 50⁰) kan gå til dekning for eventuelle avvik som oppstår ved dette ansvarsområde ved årsslutt.

Landbruk:

Likeins har det vore vakanse på Landbruksforvaltninga. Det er no gjort ein avtale med Lindås kommune om kjøp av landbruksforvaltningsteneste tilsvarande 30% stilling.

Det går mot ei innsparing på om lag 0,1 mill. ved denne tenesta i år 2018.

Det vert forventet mindreutgifter på om lag 0,15 mill. ved dette ansvarsområde ved årsslutt.

Ansvar 620 – bygg og anlegg

Ved dette ansvarsområde vert alle driftsutgifter knytt til drift og vedlikehald av kommune sine bygningar og anlegg ført.

Grovt sett kan det sjå ut som ein driftar nokolunde i balanse. Dei kommunale avgiftene er høge og det er andre mindre driftsutgifter som også har ein høvesvis høg forbruksprosent og til saman skaper eit visst avvik.

Straumutgiftene er samla sett i balanse. Det vart ved 1. tertialrapportering avsett ei tilleggsøyving på kr. 125` som står unytta. Den er meint å skulla dekkja meirforbruk på energikostnader ved årsslutt.

Vedlikehaldskostnadane er låge, men skuldast at avtale og dermed faktura for årets vedlikehaldsavtale med private ikkje er ført. Det kan også kome uføreseielege hendingar og utgifter til, resten av driftsåret og ein veit at ein streng før-vinter kan skape ekstra vedlikehaldskostnader.

Dette ansvarsområde ser ut til å verta drifta i balanse.

Tilleggsøyving energi kr. 125` samt kr. 75` av vedlikehaldskostnadane vert foreslått overført til ansvar 600.

Ansvar 630 – Driftsutgifter Vaktmeisterenesta

Dette ansvarsområde ser ut til å verta drifta i balanse.

Oppsummert for ansvar 600-630

Det vert tilrådd å ikkje gjera noko overordna budsjettjustering ved desse ansvarsområda ved denne tertialrapporteringa i påvente av ein grundig gjennomgang av rekneskap vs. budsjett.

Ansvar 600 gjev eit mogleg meirforbruk på 0,45 mill., men kan oppnå refusjonsinntekter etter brannen i Ytre Sula.

Ansvar 610 gjev eit mogleg mindreforbruk på 0,15 mill., men krev høg aktivitet på bygghandsaming resten av året.

Ansvar 620 får eit mogleg mindreforbruk på 0,2 mill. (som inkluderer tilleggsøyving på 0,125 mill.), Ansvar 630 vert forventta å nå budsjettbalanse

Det vart arbeidd for å forsøka oppnå total budsjettbalanse ved Plan- og utvikling sine ansvarsområde ved årsslutt.

Ansvar 700 - Løyvingar til Solund Sokneråd

Det er ikkje meldt om vesentlege avvik i drifta til Solund Sokneråd dette året.

Det vert vist til eigne rapportar frå Soknerådsmøta om detaljar for drifta.

Kommentar til investeringsbudsjettet:

Første del av investeringsplanen er gjennomført som planlagt og det ligg an til eit mindre meirforbruk på trinn 1 av investeringane som er budsjettert dette året. Dette kan verte dekkja neste år, når trinn 2 av investeringane skal gjennomførast.

Det er von om balanse ved dette rammeområde ved årsslutt.

Ansvar 750

Andre særskilde utgifter og inntekter

Refusjonen frå Fylkeskommunen knytt til Veg Dalesundet – Tangenes / Leirvika er starta opp og denne refusjonen vert tilført disposisjonsfondet slike som forutsatt.

Her vert m.a. vidaretildeling av tilskotet frå Husbanken til Solund Bustadstifting ført. Likeins utgifter som er knytt til eigedomsskattenemnda sitt arbeid.

Det er von om balanse ved dette ansvarsområde ved årsslutt.

Ansvar 799 – Pensjonsoppgjer og premieavvik

Nivået på pensjonstrekket er slik at det er meint å klare å dekke opp årets pensjonskostnader / premieavvik, det amortiserte premieavviket samt den signaliserte veksten i pensjonskostnader. Alt dette vert ved årslutninga ført på ansvar 799. Overskytande eller for lite trekte midlar vert inntekts- eller utgiftsført mot same ansvarsområde.

Som følge av sentrale vedtak og årets lønsoppgjer vil årets premieavvik verta endra i høve budsjettet, men motposten er alltid ein bruk av det sentrale premiefondet til kommunane. Endringane får ingen resultat effekt for kommunane.

Derimot vil endringar i årets premieavvik gje ein framtidig amortiseringseffekt for seinare driftsår, sidan årets premieavvik skal dekkast inn / belastast drifta dei komande 7 åra.

I skrivande stund er det kome førebelse pensjonsberekningar for årets premieavvik. Dette er høgare enn anslått for KLP, og vert lagt til det berekna amortiserte premieavviket for komande år. Det betyr ingen resultat effekt for år 2017, men ein høgare kostnad for neste år.

For SPK sin del er premieavviket noko lægre enn stipulert, men det er samstundes kome ei etterberekning for tidlegare år som er negativ. Dette betyr ein negativ resultat effekt på år 2018 for SPK, medan det for år 2019 vert som tidlegare stipulert.

Det er viktig å merke seg at dette er eit førebels anslag på resultatet for år 2018. Det har synt seg at dei endelege utrekningane ikkje alltid er i tråd med desse.

Samla sett betyr dette ein forventa meirkostnad for Solund kommune på kr. 75 i år 2018.

Ein kjem attende til berekningane for pensjonskostnadane i år 2019, i samband med budsjettprosessen i haust.

Ansvar 800, 801, 802 og 803 - Tilleggsløyvingar

Ansvar 800 -- til kommunestyret sin disposisjon

Her følgjer tilleggsløyvingane med kommentarar (jf. avsnitt om avsetnader / bruk av avsetnader):

- *Fiber til Nord Solund* - ein avventar at Enivest skal starte opp prosjektet. Kan skje i år 2018.
- Bruk av overførte løyvingar frå år 2017
 - *Tilskot kai Litle Færøy* – kaiprojektet vert starta opp straks det er fullfinansiert
 - *Kommuneplan / VA Hovudplan* – arbeidet vert intensivert i desse dagar. Løyvinga vert nytta i år
 - *Reguleringsplan Hardbakke hamn* – arbeidet er i ein slutfase. Løyvinga vert nytta.
 - *Bonitering sjøbotn Valen* – er vanskeleg å få gjennomført før nyttår
- *Straumkabel til Utvær* – arbeidsgruppa arbeider aktivt for å få fullfinansiere prosjektet. Det kan hende at løyvinga vert nytta først i år 2019.
- *Tilskot til Hersvik vassverk* vert berre utbetalt i den grad det kjem eit refusjonskrav. Det er ikkje meldt om aktivitet rundt dette prosjektet og løyvinga vert stroken
- *Refusjon plankostnader prosjekt Bru over Ytre Steinsund*. I desse dagar handsamar Fylkeskommunen kommunen sin søknad om refusjon av forskottbetalt plangebyr og dekning av planutgifter knytt til Bru over Ytre Steinsund. Den administrative tilrådinga var negativ, men eit samla hovudutval for samferdsle har vedteke at refusjon skal gjerast. Det er von om at refusjonen vert vedteken. I så fall vert det ei overskytande refusjonsutgift som dekker intern ressursinnsats som ikkje var medteken og utgiftsført i år 2017.

Det vert forventa meirinntekter på om lag 0,15 mill. ved dette ansvarsområde ved årsslutt. det vert forventa ein mindretgift på kr. 50` ved dette ansvarsområde.

Ansvar 801 - til formannskapet sin disposisjon

Utbetalingar skjer i tråd med vedtak i formannskapsmøte. Ev. restløyvingar ved årsskiftet går med til å saldere eit eventuelt meirforbruk i drifta elles.

Det vert ikkje tilrådd endringar ved dette rammeområde ved denne tertialrapporteringa.

Ansvar 802 - til ordføraren sin disposisjon

Utbetalingar skjer etter ordføraren si avgjersle. Ev. restløyvingar ved årsskiftet går med til å saldere eit eventuelt meirforbruk i drifta elles.

Det vert ikkje tilrådd endringar ved dette rammeområde ved denne tertialrapporteringa.

Ansvar 803 - til administrasjonssjefen sin disposisjon

Utbetalingar skjer etter administrasjonssjefen sin avgjersle. Ev. restløyvingar ved årsskiftet går med til å saldere eit eventuelt meirforbruk i drifta elles.

Det er kome til ei meirutgift på om lag kr. 50` knytt til sommarjobbar og integrering. Det

Det vert ikkje tilrådd endringar ved dette rammeområde ved denne tertialrapporteringa.

Utvikling i Sjukefråvær

Organisasjonen er liten og gjennomiktig. Det er såleis ikkje klokt å bryte ned statistikken vesentleg meir enn det NAV har presentert offentleg.

Denne tabellen syner at den positive utviklingstrenden for kommunen i siste del av 2017, held fram.

Utvikling av legemeldt sykefråvær						
Viser: Alle aldersgrupper, Begge kjønn, Tapte dagsverk i prosent						
	2013	2014	2015	2016	2017	2018
1. kvartal		10,4	7,2	11,1	8,8	5,8
2. kvartal		8,8	4,7	9,8	7	
3. kvartal	13,2	9,3	5,4	7,2	9	
4. kvartal	10	5,2	9,8	5,7	5,6	

Ytterlegare kommentarar vil verta presentert i møte og gjennombudsjettprosessen som står føre.

Oppsummerte behov for budsjettendringar for drifta etter 2. tertial

Under følgjer samla tilrådde endringar i drifta i denne tertialrapporten:

Tabell 1: Framlegg til budsjettjusteringar - Drift		
	Til fordeling drift:	RB - 18
	Auke rammetilskot RNB (avrunda)	-50
	1000-avrunding	50
900	Auka eigedomsskatt	-50
	Redusert flyktningskott	175
	Auka inntekter auksjon Havbruksfond	-5 850
	Redusert avsetnad til flyktningsfond	-175
	Havbruksfond - Auka avsetnad, auksjon	5 850
	Endring fordeling til drift	-50
	Som er fordelt slik:	
110	Redusert kjøp av teneste 1.linjeteneste Næringsutvikling	-175
130	Reduserte husleigeinntekter kommunale bustader	175
200	Overført Miljøarbeider til ansvar 220	-150
210	Overført Miljøarbeidar til ansvar 220	-150
220	Overført Miljøarbeidar frå ansvar 200 og 210	300
210	Auka lønskostnader skule	175
310	Auka lønskostnader lækjarteneste	150
313	Auka lønskostnader psykiatriteneste	100
370	Reduserte lønskostnader institusjon m.m.	-250
	Meirutgifter brann på Ytre Sula	300
600	Refusjon transportutgifter brann på Ytre Sula	-150
	Meirutgifter VA	150
610	Vakanse Landbrukstenesta	-100
620	Unytta tilleggslyving energikostnader	-125
	Mindreutgifter vedlikehald	-75
799	Meirutgifter pensjon	75
800	Redusert tilskot Hersvik Vassverk	-50
	Auka refusjon "Bru over Ytre Steinsund"	-150
	Fordelt i drift	50
	Differanse	0

Det vert vist til sak om budsjettendringar tertial nr. 1 og tabelloppsettet for ytterlegare detaljar.

Investeringar

Denne tertialrapporten tek ikkje føre seg alle investeringar og trongen for justeringar på på lengre sikt. Nokre få prosjekt vert kommentert status på og det vert foreslått nokre ikkje-prinsipielle justeringar av mindre løyvingar. Dette vert foreslått innafør den økonomiske totalramma.

Det vert vist til budsjett- og økonomiplanprosessen som startar om nokre veker, for meir detaljar om status, behov for større justeringar og nye prioriteringar av prosjekt. Då vil ein også ta ei grundig vurdering av kva prosjekt som skal vidareførast til neste driftsår.

Måla i samfunnsdelen vil då kunna nyttast som retningsgjevande for vidare prioriteringar av prosjekt.

Oppgradering IKT / FØYS:

Det vert vist til det som er presentert i rapporten for ansvar 100. Svært mykje av den lokale ressursbruken i administrasjonen går mot lokale investeringar, installeringar og drift av IKT. Dette gjeld både på sentrale system som driftar fellesskapet, så vel som for IKT som skal drifte dei tenesteytande einingane.

Det er lagt opp til å føre om lag 0,333 mill. av lønskostnadane ved sentraladministrasjonen på investering. Posten som ein hadde tenkt nytta, er allereie nytta til fysiske innkjøp.

Det er såleis trong for nye friske midlar for å kunna utgiftsføra arbeidsinnsatsen i investering og dermed unngå meirforbruk i drifta.

Vegutbetring Hardbakke- Pollen

Inndekning vert foreslått henta frå prosjekt Vegutbetring Hardbakke – Pollen med same sum 0,333 mill. Dette prosjektet vert ikkje starta opp i år 2018.

